



(Lauduscar. No. 8.)

[Aasen, Ivar]

## Nordmannen.

Tone: Dei vil altid flaga og kyla.

1. Millom Baffar og Berg ut med Høvet  
heve Nordmannen fenget sin Heim,  
der han sjølv heve Tufterna gravet  
og sett sjølo sine Hus uppaa deim.

2. Han saag ut paa dei steinutte Strender,  
det var ingen, som der hadde bygt.  
„Lat oss rydja og byggja oss Grender,  
og so eiga me Rudningen trygt.“

3. Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,  
men um Bergi var grasgrøne Vand;  
der han gjekk millom Heidar og Lindar,  
og der saaq han so vidt øver Land.

4. Han saag ut paa det haarutte Høvet,  
der var rufstutt aa leggja ut paa;  
men der leikade Fiss ned i Høvet,  
og den Leiken den vilde han sigg.

5. Fram paa Betteren stundom han tenkte;  
Giv eg var i eit varmare Land!  
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte  
foss han Hug til si heimlege Strand.

V box 28:822

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20 30 40 50 60 70 80 90 200 10 20 30

0 mm



6. Og naar Liderna grønka som Hagar,  
naar det laver av Blomar paa Straa,  
og naar Næter er Hosa som Dagar,  
kann han ingenstad vænare sjaa.

7. Sud um Havet han stundom laut srida.  
Der var Nidom paa Benker og Bord;  
men kring um saag han Trældomen kvida,  
og so vende han atter mot nord.

8. Lat no andre um Storleiken kivast,  
lat deim bragla med Nidom og Høgd.  
Millom Røksar eg litet kann trivast,  
millom Gamningar helst er eg nøgd.

Utor „Symra.“

[Vinje, Aasmund Olavsson]

### Federne vaare.

Tone: Bist stolt paa Kodans Bølge.

1. At Far\* min kunde gjera  
det Gilde han hev' gjort,  
og fram i Livet bera  
so myket Gjævt og Stort,  
det var fraa Dag til annen  
fyr meg so god ei Stodd:  
Stor Arv det er fyr Mannen,  
av Godifolk vera fødd.

2. Slik Kar var aldri funnen,  
so langt som Soga veit.  
Og Ordet flaug fraa Munnen  
so godt, som Sverdet heit.

Du høyd'n aldri mala  
i Alenk um sine Saar.  
Den Guten kunde tala  
med Skjemt um sine Saar.

3. Han lærde Transmann fistta  
og finna Riddar-Berd,  
og Engelsmannen ditta  
og hava Sjøen tjær.  
Og fremst han stod i Lina,  
og rett han stelte den.  
Fraa Skotland til Messina  
han skapte Styresmenn.

4. Min store Fader dydde,  
— sjaa det me alle maa —.  
Og Arven burt dei dydde.  
Men sumt eg att' kan faa.  
Her gjeng eg stundom sliten,  
og leitar etter Ord!  
Skal tru eg er so liten,  
fyr det han var so stor?

5. Men, Graset gror paa Bsen  
og Korn paa gammal Bis.  
Og enno gamle Sjøen  
er lika fri fyr Is.  
Baar' Fjell er lika haage,  
og Lufti lika blaa.  
So enno lika fjaage  
me fram kan stemma paa.

Utor „Dølen.“

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

[Vinje, Aasmund Olavsson]

Den Dag kjem aldri, at eg deg gløymer.

Stevton

1. Den Dag kjem aldri, at eg deg gløymer,  
for um eg sørver, eg um deg drøymer.  
Um Natt og Dag er du lika nær,  
og best eg fer deg, naar myrk det er.

2. Du leikar kringum meg, der eg vankar.  
Eg høyrer deg, naar mit Hjarta hanfar.  
Du stødt meg fylgjer paa Ferdi mi,  
som Skuggen gjeng etter Soli si.

3. Naar nokon kjem og i klinka rykkjer  
d'er du, som kjem inn til meg, eg tykjer:  
Eg sprett fraa Stolen og vil meg te,  
men snart eg sig atter ende ned.

4. Naar Winden lint uti Lauvet russlar  
eg trur d'er du, som gjeng der og tusslar;  
naar sumt der burte eg ser seg fnu,  
eg kvekk og trur, det maa vera du.

5. I hver som gjeng og som rid og kjøyrer,  
d'er deg eg ser; deg i alt eg høyrer:  
i Song og Fløyte- og Fele-Laat,  
men endaa best i min eigen Graat.

Utor „Storequit.“

Christiana. Prentat hjaa H. C. Larsen